

Årsmelding

Ålfotbreen landskapsvernområde

2016



Foto: Alf Erik Røyrvik

Alf Erik Røyrvik
Verneområdeforvaltar

1. Generelt

Ålfotbreen landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009. Verneområdet er på 226 km² og ligg i kommunane Flora, Bremanger og Gloppen. Det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011 og sidan det har verneområdet blitt forvalta gjennom lokal forvaltning.

Ålfotbreen landskapsvernombordet er eit verneområde med krevjande klima og topografi. Store delar av området er vanskeleg tilgjengeleg og det er få bygningar eller andre installasjonar inne i verneområdet. Dette gjer sitt til at saksmengde og aktivitet generelt inne i verneområdet er mindre enn mange andre store verneområder. Samstundes gjev eit sopass urørt område gode sjansar for flotte opplevingar i storslått natur.

Styret

Det vart konstituert nytt styre for Ålfotbreen landskapsvernombordet i 2016. Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015 vart det oppnemnt nye representantar frå kommunane og fylkestinget. Det nye Ålfotbreen verneområdestyre konstituerte seg på styremøte 5.april 2016.

Verneområdestyret for perioden 2016-2019 er samansett slik:

Verv	Namn	Representerar	Vararepresentant
Leiar	Hege Lothe	Gloppen kommune	Per Rune Vereide
Nestleiar	Marius Strømmen	Bremanger kommune	Audun Åge Røys
Medlem	Jan Henrik Nygård	Flora kommune	Trine Hovland
Medlem	Gunn Karin Sande	Fylkeskommunen	Harald Bjarte Reite

PS: Frå Bremanger kommune var det først Røys som vart utnemnd som fast representant og Strømmen som vara. Her vart det gjort eit formelt bytte i desember 2016, slik at det no er Strømmen som er fast representant.

Styret har hatt tre styremøter i 2016, og alle møta er avvikla som fysiske møter. Det første møtet var konstituerande styremøte, dette vart gjennomført i samband med kompetanseprogram for dei nye styra i Sogndal i april. Dei to andre møta var på Sandane og i Florø. Til saman har styret handsama 19 styresaker i løpet av året.

Styret har delegert mynde til verneområdeforvaltaren i kurante saker under visse vilkår. Forvaltaren har handsama fem saker med delegert mynde i 2016.

I slutten av mai var representantar frå styret med på studietur til Geilo og Hallingsskarvet. Føremålet med studieturen var mellom anna å lære av reiselivskommunen Hol og å høyre om Hallingsskarvet sine erfaringar frå arbeidet med besøksstrategi.

2. Saker

Motorferdsel:

- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) fekk løyve til å lande med helikopter i Skjerdalen i samband med tilsyn og vedlikehald av måleutstyr.
- Sogn og Fjordane Energi (SFE) fekk løyve til å lande på Ålfotbreen i samband med synfaring.
- Flora turlag fekk løyve til å lande med helikopter ved hyttene Blåbrebu og Gjegnabu i samband med transport av forsyningar og ustyrt til hyttene.
- Flora turlag fekk seinare eit «ekstraløyve» til å lande ved Blåbrebu, då dei måtte skifte ut eit øydelagt vindauge.

Inngrep:

- Norsk institutt for bioøkonomi fekk løyve til å sette ned merkepinnar i jorda og henge opp merke i tre langs Hyefjorden, i samband med eit forskningsprosjekt.

Forvaltningsplan:

Forvaltningsplanen for Ålfotbreen fekk hausten 2015 endeleg godkjenning av Miljødirektoratet. I starten av 2016 vart forvaltningsplanen trykt opp og sendt ut til alle grunneigarar og andre interesserte. Med det er arbeidet med forvaltningsplanen fullført for denne gong. No når planen er godkjent og tilgjengeleg kan den endeleg fungere som det verktøyet den skal vere, både for forvaltninga og brukarane.

Besøksstrategi:

Verneområdestyret vedtok i 2016 å utarbeide ein besøksstrategi for landskapsvernombordet. Besøksstrategien skal bidra til at besökande til landskapsvernombordet skal få best muleg oplevelingar og legge til rette for lokal verdiskaping, utan at dette går ut over natur- og verneverdiar. Alle nasjonalparkar og store verneområde skal ha på plass besøksstrategi innan 2020.

Dette arbeidet er godt i gong, mellom anna hadde verneområdestyret eit arbeidsmøte med turlag og andre ressurspersonar på Sandane den 3. oktober, der besøksstrategien var tema. Vonleg vil besøksstrategien vere ferdig og vedteken første halvår av 2017. Besøksstrategien vil då vere eit viktig styringsdokument for prioritering av tiltaksmidlar og andre ressursar.

.

3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

2016	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar
Lønn og sosiale utg		581 024		294 938		286 086
Drift forvaltar og knutepunkt		75 599		41 280		34 320
Drift styre	190 000	135 570	100 000	70 277	90 000	65 293
Planarbeid	70 000	67 148	50 000	49 066	20 000	18 082
Bestillingsdialog	830 000	741 833	550 000	501 833	280 000	240 000
Tot		1 601 175		957 394		643 781

Når vi samanliknar rekneskapen for 2016 med tidlegare år, so ser vi at vi har hatt større kostnader til drift av styra i år enn kva som har vore vanleg siste åra. Dette skuldast nok at vi i 2016 har hatt både kompetanseprogram og studietur som representantar frå begge styra deltok på.

Vi ser og at vi har hatt kostnadar til planarbeid som er vesentleg høgare enn tidlegare. Kostnaden gjeld trykking og utsending av forvaltningsplanar til godt over 500 mottakarar (totalt for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen).

4. Tiltak / bruk av midlar

I 2016 fekk Ålfotbreen verneområdestyre tildelt totalt 280.000 over bestillingsdialogen. Av desse vart 240.000 betalt ut til prosjekt/tiltak.

Bruken av tiltaksmidlane:

Tiltak	Tiltakshavar	Sum
Støtte til bygging av molo på Mettenes	Grunneigar	140.000
Bokprosjekt	Arve Sandal / Skald Forlag	100.000
Totalt		240.000

Grunneigar på Mettenes, Martin Mettenes, skal bygge ein molo der slik at det vert trygt å legge båt her på dette utsette neset. Verneområdestyret er med og bidreg finansielt til dette prosjektet. Til gjengjeld får ålmenta lov til å bruke ein båtplass i moloen. Mettenes er ein av dei mindre innfallsportane til landskapsvernombrådet, her startar ein sti her som går opp i fjellet mot Skjerdingane, Gullsmedhytta og Gjegnen.

Forfattar Arve Sandal ynskjer å skrive ei bok om Ålfotbreen landskapsvernombråde og områda rundt. Her er det mykje spanande å fortelje om og gjere betre kjend enn det er i dag. Verneområdestyret tykkjer dette er eit godt tiltak som passar godt med forvaltninga sine ynskjer om å gjere området meir kjend. Styret har derfor vedtatt å støtte prosjektet finansielt, mot at ein får bruke delar av materialet seinare.

5. Fagleg Rådgjevande utval

Fagleg Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernombråde vart oppretta i 2014. Utvalet består av representantar frå ulike verksemder og organisasjonar, og dessutan ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune. Utvalet er samansett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Sogn og Fjordane Turlag
- Naturvernforbundet
- Fjordkysten Reiseliv
- Reisemål Stryn og Nordfjord
- Nordfjord Folkehøgskule
- Martin K. Førde – grunneigar Bremanger
- Leidulv Solvang – grunneigar Flora
- Arild Straume – grunneigar Gloppen

Utvalet hadde eitt møte i 2016. Dette var i Florø 16.desember.

6. Forvaltar

Verneområdeforvaltaren vart tilsett 1.oktober 2011 og har verka i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han delar kontor med Statens naturoppsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernombordet.

Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både under planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og i dei konkrete sakene som dukkar opp.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2016:

- 4.-5.april, Kompetanseprogram for nye nasjonalpark- og verneområdestyre.
- 23.-25. mai, studietur til Geilo med verneområdestyra.
- 30.-31.mai, samling med verneområdeforvaltarane i Aurland.
- 28. juni, Kurs i stimerking på Skei.
- 27.-28. oktober, temasamling for verneområdeforvaltarar.
- 8.-9. november, Nasjonalparkkonferanse i Trondheim.
- 15.november, Kurs i offentlege innkjøp, Florø.

Møteverksemd

Verneområdeforvaltaren har delteke på og arrangert ei rekke møter i 2016. Mellom anna:

- Avdelingsmøter, personalsamlingar, avdelingstur og andre interne møter hjå Fylkesmannen.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Møter med fagpersonar i kommunane
- Møter med miljørådgjevarane til SFE

I tillegg har verneområdeforvaltaren og/eller naturoppsyn vore på nokre mindre synfaringar og turar i og rundt landskapsvernombordet.

7. Bilete frå 2016



Bilete 1. Ålfotbreen verneområdestyre 2016-2019

Foto: Alf Erik Røyrvik




Bilete 2. Arbeidsmøte om besøksstrategi med verneområdestyre, naturoppsyn, brukarorganisasjonar og andre ressurspersonar

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 3. Naustdal-Gjengedal vo-styre og Ålfotbreen vo-styre på studietur til Geilo og vitjar kollegaer og naturvener.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 4. Den gamle kaia på Mettenes der det no skal byggast molo. (bilete frå 2012)

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 5. Grensemerke som syner kor grensa til Ålfotbreen landskapsvernområde går.

Kaldevassnykane i bakgrunnen.

Foto: Alf Erik Røyrvik